

**Ansvarleg sakshandsamar sign. for utført handling:  
Saka er godkjend av fylkesrådmannen:**

Dokumentoversyn:

Tal prenta vedlegg: \*

Tal uprenta vedlegg: \*

## **CPMR og EU: Utforming av ein heilskapleg maritim politikk for Europa Vidare engasjement frå Vestlandsrådet**

**Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:**

1. EU sitt arbeid med utforming av ein ny heilskapleg maritim politikk er av stor interesse og betydning for Vestlandet. Vestlandsrådet vil derfor engasjere seg i dette arbeidet.
2. Vestlandet sine interesser må i første omgang ivaretakast gjennom den representasjon og deltaking dei fire fylka har i CPMR og Nordsjøkommisjonen sine organ og aktivitetar.
3. Når EU legg fram sitt Green Paper om maritim politikk til våren, må dette drøftast i Vestlandsrådet, slik at ein kan spele inn forslag og krav gjennom Nordsjøkommisjonen og CPMR. For å oppnå størst muleg tyngde, kan det vere aktuelt å vurdere å samordne seg med Landsdelsutvalet for Nord Norge.

## **Saksframstilling**

### **Innleiing**

På CPMR (Conference of Peripheral Maritime Regions of Europe) si generalforsamling på Madeira 2.-4. november 2005, vart det sett fokus på behovet for å utforme ein heilskapleg maritim politikk. Dette blir sett i samanheng med EU sitt arbeid med eit såkalla Green Paper om maritim politikk. Alle dei fire Vestlandsfylka er medlemmer av CPMR og var representerte på generalforsamlinga - og har sterke interesser knytt til maritim politikk. Det vil derfor vere naturleg at også Vestlandsrådet engasjerer seg i denne saka.

### **Kort om CPMR**

CPMR har 152 medlemsregionar fordelt på 25 land. Organisasjonen har eksistert i 32 år, og er "moderorganisasjon" til m.a. Nordsjøkommisjonen. 15 norske fylkeskommunar er medlemmer.

CPMR arbeider med saker, politikkområde og interesser som er felles for dei maritime regionane, og skal i særleg grad ivareta regionane sine interesser overfor EU. Både fylkesordførar Roald Bergsaker og fylkesordførar Gunn Marit Helgesen (Telemark) er medlemmer i styret for CPMR.

### **Kort om behovet for ein heilskapleg maritim politikk**

Maritim politikk dekker mange delområde, m.a.:

- miljø
- fiskeri
- transport
- sikkerhet
- marine næringar
- reiseliv
- miljø
- ressursutnytting
- energi
- skipsbygging
- kystsoneplanlegging
- m.m.

Som politikkområde er det fragmentert, prega av mange aktørar og mange motstridande interesser. Både innan EU og på nasjonalt nivå manglar det ein heilskapleg maritim politikk.

Havet har store ressursar, og mange av dei er enno ikkje utnytta eller kjent. Innan EU blir det vist til at det er ei samla kystline på 70.000 km, halvparten av EUs befolkning bur langs kysten (rekna 5 mil frå kystlina), 40% av EUs BNP er produsert av kystregionane og 2,5 mill. jobbar er i sektorar som er direkte relatert til havet. Omkring 90% av Eus utanlandshandel blir transportert på sjøen.

Ein reknar med at maritim aktivitet i brei tyding har eit svært stort potensial for ny verdiskaping og sysselsetting. Samtidig vil det bli store utfordringar knytt til å sikre ivaretaking av miljøomsyn og ei berekraftig forvaltning av ressursane. Ikkje minst gjeld det innanfor fiskerinæringane, olje- og gassutvinning og potensialet for utvinning av nye mineralressursar på havbunnen.

Det er m.a. eit stort behov for betre planleggingsystem for kystsona og integrering av ulike aktørar som har oppgåver retta mot ressursutnytting. Vidare er det behov for betre kartlegging

av havbunnen for å finne balanserte løysingar for kombinasjon av installasjonar, oppdrett, fiskeri og sikring av biologisk mangfald. Andre aktuelle delområde er overvåking av skipsfart, sikkerhet, tiltak mot terrorisme, forureining frå elvar og landbruk m.m.

På CPMR si generalforsamling hadde fylkesordførar Roald Bergsaker eit foredrag som tydeleg understreka behovet for ein betre maritim politikk også for Nordsjøen. Bergsaker understreka også Nordsjøregionane si sterke interesse for å vere delaktig i EU sitt vidare arbeid med å utforme ein maritim politikk.

Fylkesordførar Torill Selsvold Nyborg tok opp problemet med "ghost fishing", dvs. kilometer lange garnlenker som blir ståande meir eller mindre fast i havet. Denne saka gav Vestlandsrådet ei fråsegn om på forrige møte. Av ulike årsaker kom ikkje fråsegna fram til behandling i CPMR, men den vil bli forsøkt fremja gjennom Nordsjøkommisjonen og fiskerigruppa i CPMR.

### **Arbeidet i EU og CPMR**

EU har altså starta eit arbeid for å utvikle ein meir heilskapleg maritim politikk innan EU. Første fase er utarbeiding av eit såkalla Green Paper, dvs. ei offisiell utgreiing. Arbeidet er gitt høg prioritet m.a. ved at det er etablert ei styringsgruppe med 7 kommisjonærar som representerar miljø, transport, energi, forskning, sosialpolitikk og industri. Det er venta at utgreiinga vil bli lagt fram i april 2006. Deretter vil EU gjennomføre ein konsultasjonprosess over ca. 1 år før det blir fremja framlegg til konkrete politiske tiltak og retningslinjer.

CPMR legg stor vekt på å kome med innspel til EU sitt arbeid. For det første var altså maritim politikk eit hovudtema på generalforsamlinga. EU var representert på høgt nivå på møtet. Presidenten i EU-kommisjonen Josè Manuel Durao Barroso deltok på delar av møtet og holdt foredrag til generalforsamlinga. Vidare deltok John B. Richardson som leiar arbeidet med den aktuelle grønboka i EU.

CPMR skal m.a. på grunnlag av drøftingane på generalforsamlinga presentere ei eiga utgreiing for EU tidleg i 2006, som direkte innspel til EU sitt Green Paper. Og Green Paper blir tatt opp til behandling i CPMR sine organ utover våren og hausten 2006.

CPMR har eit eige prosjekt om maritim politikk kalla Europe of the Sea som skal følgje EU-kommisjonen sitt grønbokarbeid. Både Rogaland og Møre og Romsdal tek del i dette programmet, i tillegg til to andre norske fylke; Nordland og Telemark. 16. – 17. januar 2006 skal det vere eit viktig arbeidsseminar i Bergen knytt til dette prosjektet. Dette seminaret vil også gi innspel til CPMR si utgreiing.

### **Regionane si rolle**

Dei maritime regionane vil vere sentrale aktørar i det vidare arbeidet – både når det gjeld deltaking i arbeidet med politikktutføring – og ikkje minst i iverksettinga av ein ny maritim politikk. Også EU understrekar regionane si viktige rolle.

### **Vestlandsrådet si rolle**

Maritim politikk i brei tyding er svært viktig for Vestlandet. Det er derfor naturleg at også Vestlandsrådet engasjerer seg. I denne omgang blir rådet gjennom denne saka kort orientert om arbeidet med å utforme ein ny maritim politikk og om pågåande aktivitetar. I første omgang kan oppfølging skje gjennom den representasjon og deltaking dei fire fylka har i CPMR og Nordsjøkommisjonen sine organ og ulike aktivitetar. I neste omgang er det naturleg at Vestlandsrådet engasjerer seg i drøfting av EU sitt Green Paper til våren, og spelar inn sine

---

Vestlandsrådet  
Saksbehandler: Jan Per Styve  
Arkivsaksnr.: 05/79

---

forslag og krav gjennom Nordsjøkommisjonen og CPMR. For å oppnå størst mulig tyngde, kan det være aktuelt å vurdere å samordne seg med Landsdelsutvalet for Nord Norge